

D Å P E N.

Eigen tone.

Frå myrke skuggdalar
me borni opp i soli ber,
til Livsens Nâdesalar
der Dâpens Guddoms-under skjer.
Som små me og vart borne
til skirslingsvatnet fram,
i hjarto u-omskorne,
slik kom me til Guds Lam.
Og der, ved Nâdestolen,
til Krist, vår Frelsars ros,
gav Gud oss plass i Solen,
og myrkret vart til ljøs.

Det liv me fekk i Dâpen,
er Jesu Kristi Rettferdsdrakt.
Med Andens sanningsvâpen
det verjast skal mot satans makt.
Vâl kjem der krisetider,
med synd og fall og sâr.
I slike fæle rider
det radt om livet står.
Me kan nok ofte svika.
Men fast står Nâdens Pakt.
Om fjell og haugar vika,
Gud held det Han hev sagt.

Hjå Han me alltid møter
ein open, kjærleg Faderfamn.
Når synd og sorger grøter,
gå like til, i Jesu namn.
Han med sitt blod oss kjøpte
til Nâdens Barnekâr.
Gav liv til alle døpte.
Vart Bergingsmannen vår.
Han opna Faderstova,
då Han til døden gjekk.
Og denne store gåva
me alt i Dâpen fekk.

Johs.M.L.Rydland.